SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2011

Fylkesrådet for eldre

www.sfj.no

Årsmelding 2011 – Fylkesrådet for eldre.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkesrådet for eldre skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår for eldre. Rådet kan også på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meinar bør setjst på dagsorden.

Medlemmer i fylkesrådet for eldre i 2011:

Målfrid Angell-Jacobsen leiar
Vara: Astrid Henden

Eivind Skjerven nestleiar
Vara: Rønnaug Haugen

Richard Eide
Vara: Arne Finnebotten

Hans Støyva
Vara: Harald Lindvik

Marit Aafedt Fjærestad
Vara: Amund Soltveit

Britt Marie Norheim er fylkessekretær/rådgjevar i 30 % stilling. Kontorstad er fylkeshuset, Leikanger.

Rådet er eit frittståande organ og fylkessekretæren er difor fagleg ansvarleg ovafor leiaren i fylkesrådet.
Personaladministrasjon for fylkessekretæren er lagt til fylkeskommunen.

Fylkessekretæren er budsjettansvarleg og har tilvisingsfullmakt til rådet sitt budsjett.

Fylkesrådet for eldre har hatt 3 møter og handsama 11 saker. I tillegg har fylkesrådet delteke på møte i samarbeidsutvalet for fylkesråda for eldre på Vestlandet. Desse møta vert arrangerte på omgang mellom fylka. Dette året var det fylkesrådet for eldre i Rogaland som var vertskap i dagane 6. – 8. juni 2011.

Fylkesrådet for eldre har invitert til landskonferanse for fylkesråda for eldre i Norge som skal arrangerast 22. – 24. mai 2012 på Alexandra hotell, Loen. Denne konferansen skal arrangerast i samarbeid med Statens Seniorråd. Leiar Målfrid Angell-Jacobsen og rådgjevar Britt Marie Norheim deltek på møte med Statens Seniorråd 6. oktober vedkomande framdrifta av landskonferansen. I tillegg hadde me eit telefonmøte 13. desember 2011 med Statens Seniorråd.

Saker som fylkesrådet for eldre har sett søkelyset på er:

Budsjett/økonomiplan:

Transport:
Fylkesrådet for eldre ser med uro på at det ikkje vert auke i budsjettet til serviceskyssen. Rådet ser det som viktig å kunne utvida tilbodet om serviseskyss til å gjelda alle kommunane i fylket, slik at alle kan få eit likeverdig tilbod om transport og samstundes ha høve til å delta i samfunnslivet.

Busstopp og skysstasjonane må bli universelt utforma.

Det må satsast på utvikling av informasjonsteneste i offentleg transport med informasjon om neste haldeplass. Viktig at denne informasjonen vert gjort gjeldande på alle bussruter.

Gang og sykkelvegar:
Det er viktig at alle gang og sykkelvegar vert brøyta og strødde med sand straks snøen kjem.

Stopp med utbetaling av kontantar i bankane:

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane har fått mange oppmodingar frå kommunale råd for eldre, samt pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane vedkomande stopp av utbetaling av kontantar i bankane. Fylkesrådet ser med uro på at kundane i dei ulike bankane i fylket ikkje får høve til å ta ut kontantar over disk, men vert vist til uttak i minibankane. Fylkesrådet ber om at bankane bør kunne gje eldre og uføre hjelp med ulikebanktenester, så lenge dei ulike tenestene ikkje er universelt utforma.

Deltaking i råd, utval og konferansar:

Regionmøte for eldreråda i Indre Sogn vart arrangert av Luster eldreråd.
Rådgjevar Britt Marie Norheim var invitert til dette møte.

Landskonferansen for fylkesråda for eldre vart arrangert på Røros 25. – 27. mai 2011.
Frå Sogn og Fjordane fylkesråd deltok
Eivind Skjerven
Marit Aafedt Fjærestad
Britt Marie Norheim

Brukarutval i Helse Vest:
Eivind Skjerven

Folkehelsedagane:
Målfrid Angell-Jacobsen
Eivind Skjerven
Britt Marie Norheim

Nettverkssamling for eldrerådsekretærar i Kristiansand 19. – 20. mai 2011.
Britt Marie Norheim

Fellesmøte for fylkesråda for eldre på Vestlandet, Stavanger 6. – 8. juni 2011:
Målfrid Angell-Jacobsen
Eivind Skjerven
Richard Eide
Marit Aafedt Fjærestad
Britt Marie Norheim

Oppstart Hornindal eldreråd:
Eivind Skjerven.

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framside: Sommarfugl.
Foto: Asbjørn Ness/Sogn og Fjordane fylkeskommune.